

ÅRSPLAN  
FOR  
ENGESET BARNEHAGE  
- Ein god kvardag -



 **Volda kommune**

“Volda kommune har trygge barn, unge og vaksne som deltek, meistarar og lærar”

RAUS-MODIG-KOMPETENT-LÆRANDE

2023-2024

▪ Om barnehagen og årsplanen	3
▪ Kontaktinformasjon	4
▪ Visjonen vår	5
▪ Verdier	7
▪ Pedagogisk grunnsyn	8
▪ Tryggleikssirkelen	9
▪ Psykologisk førstehjelp	11
▪ Dokumentasjon	11
▪ Vurdering	12
▪ Fokusområde 2023-2025	12
▪ Formål og innhald i barnehagen	13
▪ Omsorg	13
▪ Leik	13
▪ Danning	14
▪ Læring	15
▪ Medverknad	15
▪ Likestilling og likeverd	16
▪ Trygt og godt barnehagemiljø	16
▪ Livsglede barnehage	16
▪ Fagområda	17
▪ Barnehagen sin digitale praksis	17
▪ Kosthald	18
▪ Språk og språkstimulering	18
▪ Tilvenning og overgongar	19
▪ Samarbeid med føresette og andre instansar	21

## ▪ OM BARNEHAGEN OG ÅRSPLANEN

Engeset barnehage er ein kommunal barnehage som vart opna 1. september 1989. Barnehagen ligg sentralt og er plassert ved Volda omsorgssenter og Røde Kors huset.

Uteområdet er stadig i utvikling, og inneheld ulike leikesoner. Desse tek sikte på å blant anna stimulere til kreativitet og utforsking, motorisk leik, konstruksjons leik og rolleleik.

Vi er praksis-barnehage for studentar på Høgskulen i Volda, og er godkjend lærlingbedrift for elevar som skal ta fagbrev i barne og ungdomsarbeid.

Dette er med på å gi oss oppdatering på nyare forskning og fagkunnskap, noko som igjen aukar vår kvalitet.

Barnehagen har 4 avdelingar med barn i alder 0-6 år.

Avdelingane vert sett saman utifrå alder på søkjarmassa, og vert fordelt på:

-Avdeling gul

-Avdeling blå

-Avdeling grøn

-Avdeling raud

Barnehagen held ope frå 07.30-16.30

Ferieavvikling for barna kan ein lese om i [Vedtekter for kommunale barnehagar](#) i Volda kommune.

Årsplanen er eit arbeidsreiskap for personalet og den skal dokumentere våre val.

Planen gir informasjon til myndighetisnivå, samarbeidspartar og andre interesserte om vårt pedagogiske arbeid. Avdelingane har eigne planar, der detaljar for prosjekt og arbeidsmetoder i kvardagen kjem fram. Planen er lenka opp mot relevante sider. Blå skrift skjuler til dømes lenkar til Rammeplan, lover eller gjev snarveg til eksterne samarbeidspartar.

Planane vert laga med blant anna utgangspunkt i:

[-Lov om barnehager](#)

[-Rammeplan for barnehager](#)

[-FN`s barnekonvensjon](#)

[-Oppvekstplan](#) Sektor oppvekst 2022-2027

Nyttig lenke

[Utdanningsdirektoratet UDIR](#)

[Volda kommune - Barnehage](#)

[Vedtekter for kommunale](#)

[barnehagar i Volda kommune](#)

[Heimeside Engeset barnehage](#)

- KONTAKTINFORMASJON:

Engeset barnehage  
Gamle Engesetvegen 9  
6102 Volda

e-post: [styrar.engeset@volda.kommune.no](mailto:styrar.engeset@volda.kommune.no) / [veronika.hennoen@volda.kommune.no](mailto:veronika.hennoen@volda.kommune.no)

Tlf: 94790965

Telefon direkte til avdelingane:

Avdeling gul 91 84 47 11


Avdeling blå 91 75 90 48

Avdeling grøn 91 55 46 93

Avdeling raud 91 53 24 82



[Engeset barnehage på google maps](#)



- VISJONEN VÅR
- [Oppvekstplan Sektor oppvekst 2022-2027](#)

**«Volda kommune har trygge barn, unge og vaksne som deltek, meistrar og lærer.»**

Oppvekstsektoren har definert ein optimistisk syn på framtida og det vi ønskjer å oppnå. Oppvekstplanen skal hjelpe kvar enkelt av oss til å tenke og handle heilskapeleg for å nå dei måla vi har blitt einige om. Oppdraget vårt, dei lovpålagde oppgåvene og måla som er nedfelt i rammeplanen, barnehagelova og andre foreskrifter, sei noko om kva vi må gjere. Visjonen trekker derimot fram det overordna målet og teikner opp kursen for oss. Den er eit ønska bilete, noko vi strekker oss etter.

*«Å vere trygg handlar om omsorg, om å bli sett og anerkjent som person, samt å utvikle seg og delta i sosialt fellesskap. Dette tyder ikkje berre å høyre til i fellesskapen, men også å oppleve støtte til å etablere og utvikle gode relasjonar i samhandling med andre, noko som er med å skape grunnleggjande tryggleik. Tenestene skal bidra til at barn, unge og vaksne utviklar respekt og toleranse for andre.» (Oppvekstplan s 11)*

Personalet i Engeset barnehage har jobba godt med oppvekstsektoren sin visjon, og ser tydeleg samheng med barnehagen sin eigen visjon. Når barna får delta i kvardagen, meistre det dei held på med og lære og utvikle seg, då skapar vi gode kvardagar.

- Engeset barnehage

### **«Ein god kvardag»**

Visjon er eit langsiktig og inspirerande mål ein setter for seg sjølv og det arbeidet ein gjer. Visjonen trekker fram det overordna målet og er ei ledestjerne for alle tilsette i Engeset barnehage. Det er noko vi kvar dag jobbar mot å oppnå.

Visjonen vår er eit svar på «kvifor». Kvifor jobbar vi i Engeset barnehage? Kvifor gjer vi kvar dag ein innsats inn mot kvar enkelt barn? Kvifor søker vi kunnskap og utviklar oss som fagpersonar og menneske? Jo, fordi vi ønskjer å gje ALLE barn i Engeset barnehage ein god kvardag, kvar einaste dag. Ved å skape gode kvardagar er vi med på å ruste barna til resten av livet, til å kunne takle medgang og motgang, vere gode medmennesker og ha verktøy i «ryggsekken» som kan styrke dei når dei treng det. Ein oppfylt visjon er ein god grunnmur å leve resten av livet på.



## «Ein god kvardag»

For at det skal vere ein god kvardag må vi ha:

### Barn som er :

- trygge og tillitsfulle
- viser glede og humor
- får vere nysgjerrige og utforskande
- opplever omsorg og anerkjenning
- får tid og rom til leik og læring
- får oppleve venskap
- er medverkande

### Vaksne som skal:

- vise omsorg og respekt
- vere medforskande
- vere anerkjennande
- vere trygge og ærlege
- vere tilretteleggarar og støtte for barna
- vise humor og glede
- vere fleksible
- vere gode rollemodellar

### Eit fysisk miljø som:

- er trygt
- gir utfordringar
- er lagt til rette for sjølvstende og meistring
- er lagt til rette for leik og læring
- er innbydande og oversiktleg
- tek omsyn til ulike interesser og behov


▪ VERDIANE TIL VOLDA KOMMUNE:

**RAUS – MODIG- LÆRANDE - KOMPETENT**




<p><b>Kva legg personalet i det å vere RAUS:</b></p>	<p><b>Kva legg personalet i det å vere MODIG:</b></p>
<p><b>At eg:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- gir av meg sjølv (utover det som er forventa)</li> <li>- tenker på andre sitt beste og ønskjer andre vel</li> <li>- er omsorgsfull</li> <li>- er open for at vi er ulike</li> <li>- er engasjert</li> <li>- samarbeidar og skapar fellesskap</li> <li>- er imøtekomande og fleksibel</li> <li>- delar kunnskap og erfaring</li> <li>- bidrar til god delings – og meistringskultur</li> </ul>	<p><b>At eg:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- vågar ha kritisk blikk, og gjer konstruktive tilbakemeldingar</li> <li>- vågar ha ope og imøtekomande blikk</li> <li>- meistrar</li> <li>- er stolt av arbeidet eg gjer</li> <li>- gjer ei forskjell for barna</li> <li>- utfordrar meg sjølv og andre</li> <li>- er uredd, og tør å by på meg sjølv</li> <li>- står opp for egne meiningar</li> </ul>
<p><b>Kva legg personalet i det å vere LÆRANDE:</b></p>	<p><b>Kva legg personalet i det å vere KOMPETENT:</b></p>
<p><b>At eg:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- vil lære – er læringsorientert</li> <li>- er motivert</li> <li>- utviklar meg</li> <li>- er undrande, interessert og open</li> <li>- er del av eit fellesskap og deler kunnskap</li> <li>- tar til meg og lærer av egne og andre sine utfordringar</li> <li>- får og gir energi</li> <li>tek utgangspunkt i barna når eg lagar planar og at eg tilpassar meg barnegruppa.</li> </ul>	<p><b>At eg:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- ser borna</li> <li>- utfører arbeidet på ein god måte</li> <li>- føler meistring</li> <li>- er samvitsfull</li> <li>- har oversikt og kontroll, og ser barnehagen som ein heilheit</li> <li>- har glede og humor</li> <li>- kan reflektere over eigen praksis</li> <li>- skapar trivsel</li> <li>- har engasjement</li> <li>- er profesjonell – at eg veit kva vi snakkar om og er trygg i rolla mi</li> <li>- er ryddig</li> <li>- har ei fagleg trygghet og kan begrunne mine handlingar på bakgrunn av dette</li> <li>- er hjelpande</li> <li>- er sjølvstendig</li> <li>- er kunnskapsrik</li> </ul>

## ▪ PEDAGOGISK GRUNNSYN

Pedagogisk grunnsyn er eit samansett omgrep. Ein kan sjå grunnsynet som ein “ryggsekk” fylt med personalet sin individuelle kulturarv og erfaringar frå oppvekst, fagleg kompetanse og praktiske erfaringar. Kartlegging, utprøving av tiltak og refleksjon saman med våre kollega er også med på å danne vårt pedagogiske grunnsyn.



Denne modellen syner litt av kjærna i vår faglege plattform.

-  Handal og Lauvås sin praktisk yrkesteori PYT – som er ein modell for å betre forstå eigen praksisteori
-  Kontekstuell og situasjonsbestemt didaktisk modell som reiskap for planlegging, gjennomføring og evaluering – målsetting og tilrettelegging for grupper og individ.
-  Sirkelen som er eit symbol på tryggleikssirkelen – COS

Sjølv om vi her har trekt fram nokre teoriar og metoder i denne biletleggjinga, skal det ikkje vere låsande for å ta i bruk anna forskning og fagleg forankring. Personalet må heile tida vere i endring utifrå det som rører seg i tida.

**Ei lita teoretisk oversikt:**

### Mead sin speglingsteori




1. Vår faktiske oppfatning av oss sjølv
2. Korleis ynskjer vi å vere
3. Korleis vel vi å stå fram for andre menneske



## Tryggleikssirkelen og reperasjonssirkelen

Tryggleikssirkelen» dannar ramma rundt omsorg, danning, leik og læring i det daglege pedagogiske arbeidet. Den handlar om korleis barna skal oppleve god tilknytning til emosjonelt tilgjengelege vaksne



Barnesynet vårt har vore inspirert av ulike faglege og forskingsbaserte metoder. Til dømes har barnehagen tidlegare arbeida med Reggio Emilia, der barnesynet handlar om korleis det allereie kompetente barnet lærer, får kunnskap og utviklar seg. Barna si læring skjer i ein prosess mellom «dei tre pedagogane»

- **Den vaksne** som tilretteleggar, deltakar, støtte og tryggleik.
- **Barnet** sjølv som aktiv, skapande, kreativ og forskande.
- **Det fysiske miljøet** og dei høva det gir til sjølvstende og meistring.

Ser ein dette opp mot tryggleikssirkelen ser vi

- den vaksne som trygg base, som tilrettelegg, støttar og deltek.
- Barna som får utforske, får tilpassa utfordringar etter alder og modning, vert støtta og inspirert av den vaksne.
- Det fysiske miljøet som gir barna variasjon, inspirasjon og spor til nye leikar. Den vaksne yter omsorg og lading ved behov. Læring skjer i samspelet og i leiken. Barnet opplever meistring og utviklar sjølvstende og identitet.

## Bronfenbrenner sin økologiske utviklingsmodell



Denne modellen forklarer korleis barn utviklar seg, og kva forhold rundt barnet som påverkar utviklinga. Sosialiseringsprosessen og påverknad som omgjevnaden har.

Til dømes kan ein sjå at kvart barn har med eigne kulturar inn i barnehagen (eks. religion, bygd og sentrum, tilflytta frå andre stadar i Norge eller frå andre land m.m.) Det er viktig at dei vaksne kan ha ei forståing for enkeltbarna sin bakgrunn og tek vare på resursen i mangfaldet.

Lev Vygotsky vert rekna som den sosiokulturelle læringsteoriens far. (Dysthe, 2001) Han hevda at barnet vert klokare og sterkare gjennom samhandling med andre. Han utvikla omgrepet «**den proksimale utviklingszone**». Det er ei sone som visar grensa for kva ein person kan klare åleine og kva ein klarar saman med kompetente andre. I tråd med dette utvikla Jerome Bruner (1986) begrepet «**støttande stillas**» (Säljø,2001) Både «den proksimale utviklingszone» og «støttande stillas» kan vi godt forene med tryggleikssirkelen (COS). Det å vere ein trygg vaksen som støttar og motiverar barnet til å mestre meir og meir sjølv.

Viktige lenker og forankringar som kan belyse vår faglege bakgrunn:

- Kvalitet og leing- med bl.a.fokus på å skape «best praksis» i rutinene.
- [10 faktor](#)
- [Kompetanse for mangfold \(2016\)](#)
- [Volda prosjektet](#)
- [Psykologisk førstehjelp](#)
- [COS - Tryggleikssirkelen](#)
- [Forskning .no](#)
- [UDIR.no](#)





- [PSYKOLOGISK FØRSTEHJELP](#)

«Grøne tankar – glade barn»

Måten man lærer å forhalde seg til kjenslelivet som liten, dannar grunnlaget for korleis man seinare i livet forhold seg til kjenslene sine. Barn i barnehagealder lærer av det som skjer i barnehagen, både av det som er planlagt og det som skjer spontant. «Grøne tankar – glade barn» kan brukast som planlagt tematisering av tankar og kjensler for alle barn, ein metode for refleksjon, forståing og bearbeiding med utgangspunkt i kvardagen. Men det kan også brukast inn mot enkeltbarn som treng hjelp og støtte til å møte kjenslene sine på ein god måte.

- [DOKUMENTASJON](#)


Dokumentasjon skal synleggjere korleis vi arbeider pedagogisk i kvardagen. Konkretisering og biletleggjing av rammeplan og andre relevante dokument i praksis saman med barna. Kva - Korleis- Kvifor. Årsplan og avdelingsplanar gir innsyn i den pedagogiske profesjonen og synleggjer korleis vi arbeider med samfunnsmandatet vårt og viser omverda kva kvalitet som er i barnehagekvardagen i Engeset barnehage.

Vidare dokumenterar vi gjennom kartlegging, observasjon, tilrettelegging, evaluering, bildedokumentasjon, månadsskriv til føresette frå pedagogane, utstilling av barna sine aktivitetar m.m.

Ein dokumenterar barna si utvikling gjennom observasjonar og kartlegging. Desse vert nytta i samtale med føresette.

Frå og med våren 2021 vart barnehagane i Volda kommune heildigitale. Det betyr at vi har digitale barne-og personalmapper for å auke sikkerheita med tanke på personvern.

Volda kommune nyttar digital kommunikasjon med føresette til born i barnehage og elevar i skule/SFO. Engeset barnehage brukar [Vigilo](#) dagleg til å sjekke inn og ut born, registrere ferie og kommunikasjon med føresette.



- VURDERING

Vurdering skjer i her og no situasjonar – refleksjon og justering utifrå barna/ gruppa sine føresetnader, samt personalet si erfaring og fagkunnskap. Samstundes gjer ein vurderingar på leiarmøte, avdelingsmøter, personalmøte, STIM møter, AU møter, SU møter, foreldremøter, styrarmøte m.m. Vurderinga skjer då munnleg og i referat-form.

Gjennom evaluering av årsplan og avdelingsplanane vurderer ein kvalitet og bygger opp felles pedagogiske plattform og system som gjer det lettare å vurdere arbeidet vidare. Til dømes definisjonar av verdiane våre eller refleksjon over progresjon og fagområda i rammeplanen. Vurderinga skjer for å skape betre kvalitet i arbeidet, skape ein delingsarena og eit meir heilskapleg pedagogisk tilbod.

- FOKUSOMRÅDE 2023-2025

[Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage.](#)

Gjennom utviklingsarbeid og kompetanseheving bidrar ordninga til å sikre at alle barn får eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet. Barnehagen utviklar sin pedagogiske praksis i tett samarbeid med Høgskulen i Volda. Målet med ordninga er å utjamne kvalitetsforskjellar, styrke barnehagen som lærande organisasjon, styrke kontakt og samarbeid mellom barnehage og høgskule, og kompetanseheving basert på forskingsbasert teori i lærande fellesskap.

Overordna tema denne perioda er «ASK – alternativ supplerande kommunikasjon» der vi skal ha fokus på bruk av tematavler og symbol inn i det almennpedagogiske tilbodet. ASK er å kommunisere på andre måtar enn gjennom talespråket, f.eks ved hjelp av bilete/symbol og teikn. Alle barn treng eit språk for å kunne utvikle seg, og det er vårt ansvar å legge til rette for at det er mogleg. Ved å ha fokus på ASK for ALLE barn forsterkar vi inkludering og medverknad, og førebyggjer utanforskap. Når alle brukar symbol og teikn i det daglege er vi med på å bidra til at det blir ein naturleg del av kvardagen og at alle kan kommunisere med kvarandre og vere ein del av det sosiale fellesskapet. Vi skapar gode inkluderande fellesskap der ALLE barn føler tilhøyrslø og opplever å få medverke i eigen kvardag.

Barnehagane i Volda kommune har deltatt på ein fagdag i regi av Statped der vi fekk god og nyttig innføring og auke i kompetansen vår kring ASK og korleis bruke symbol i den daglege kommunikasjonen.

Meir informasjon om dette utviklingsarbeidet vil ein få gjennom veker-og månadsplanar frå avdelingane.

- [BARNEHAGENS FORMÅL OG INNHOLD:](#)

Dette seier personalet om omsorg, leik, danning og læring

<a href="#">Omsorg</a>
Vi ynskjer at desse punkta skal sei noko om kva vi legg i omsorg
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kjærleik</li> <li>- Grenser</li> <li>- Anerkjenning</li> <li>- Utfordringar som gjev meistring og vekst</li> <li>- Empati</li> <li>- Ein varm relasjon</li> <li>- Tryggleik og trivsel</li> </ul>
I kvardagen betyr dette at vi vaksne må
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vere større, sterkare, klok og god</li> <li>- Kunne praktisere COS og vere ei sikker hamn for barna</li> <li>- Vere føreseieleg</li> <li>- Vere konsekvente</li> <li>- Vere nære og tilgjengelege</li> <li>- Vere støttande stillas</li> <li>- Sjå det einskilde barnet</li> <li>- Forstå barnet – bygge god relasjon</li> <li>- Respektere barnet</li> </ul>

Leiken skal ha ein sentral plass i kvardagen til barna. Denne skal vere arena for utvikling, læring, samt sosial og språkleg samhandling.

<a href="#">Leik</a>
Vi ynskjer at desse punkta skal sei noko om kva vi legg i leik
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gode og trygge relasjonar</li> <li>- Barna får medverke i leiken</li> <li>- Barn får utfalde seg og halde på med det dei likar.</li> <li>- Arena for glede, humor, spenning, engasjement, læring</li> <li>- Er lystbetont</li> </ul>

I kvardagen betyr dette at vi voksne må

- Så spor til leik
- Hjelpe barna inn i leik
- Legge til rette for og inspirere til ulike type leik og medverknad
- Vere engasjerte og leikande voksne
- Organisere det fysiske rom, tid og leiker, for å inspirere til ulike type leik
- Leggje til rette for både fri leik og organisert leik både ute og inne.

### Danning

Vi ynskjer at desse punkta skal sei noko om kva vi legg i danning

- At barna utviklar eit godt sjølvbilde og ein trygg identitet
- At barna utviklar positive haldningar og verdiar for mangfald gjennom å pirre nysgjerrigheit og gi gode opplevingar
- Lære å ta omsyn til egne og andre sine behov
- Lære gode samspelsferdigheite som er tilpassa ulike situasjonar og som samsvarar med normene i vårt samfunn

I kvardagen betyr dette at vi voksne må

- Vere bevisst våre egne haldningar og verdiar og at desse skal samsvare med samfunnsmandatet vårt.
- Tone oss inn på barnet og vere bevisst at vi er rollemodellar i kommunikasjon.
- Vere raus, at vi kan gi, ta tak og gjere kvarandre gode
- Støtte barn i konflikthandtering
- Vere trygge og kompetente rollemodellar



## Læring

Vi ynskjer at desse punkta skal sei noko om kva vi legg i læring

- Med utgangspunkt i Rammeplan for barnehage og dei 7 fagområda – Kunnskapshaldning og ferdigheiter
- Læring skjer over alt, i alle situasjonar i kvardagen
- Vi skal legge til rette for positiv læring
- Personalet må ta utgangspunkt i interesser og føresetnader som fremjar trivsel og allsidig utvikling – barna vert aktiv medverkande.
- Barna skal møte progresjon i læringsprosessane
- Dei vaksne må stimulere til reflektering og filosofering.

I kvardagen betyr dette at vi vaksne må

- Legge til rette slik at det vert samspel mellom dei tre pedagogane (jf. Reggio Emilia)
- Sjå det einiskilde barn sine interesser og behov
- Støtte og anerkjenne vitelyst, kreativitet, læringslyst og tru på egne evner.
- Ha gjennomtenkte planar og vere målretta. Pedagog må kartlegge og lage plan over rammer, føresetnader og arbeidsmetode
- Reflektere over korleis barna lærer, slik at alle har felles kunnskap om gode læringssituasjonar og kva som skal lærast.
- Vere gode rollemodellar og omsorgspersonar og hugse på den uformelle læringa som skjer gjennom å lære av det andre gjer.

### ▪ MEDVERKNAD

Når barna kjenner seg trygge, formidlar dei ekte kjensler som glede, engasjement, utforskartrøng, men og frustrasjon, tristheit og sinne.

For dei minste barna med lite verbal språk, er det slik dei medverkar. Dei vaksne tolkar korleis barna opplever situasjonar og aktivitetar. Etter kvart vil barnet medverke tydelegare, med både kroppsspråk og verbalt språk.

Dei vaksne må reflektere over barn si tilbakemelding og justere pedagogisk opplegg etter tilbakemeldinga.

Foreldra har også rett til å medverke. Dette kan dei gjere gjennom “her og no” dialog, gjennom foreldremøte eller FAU/SU. Brukarundersøking vil også vere ein stad føresette kan gi tilbakemelding.

- [LIKESTILLING OG LIKEVERD](#)

Personalet skal arbeide for at barn opplever å vere likestilt og ha likeverd. Vi skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik. Dette gjer ein i kvardagen gjennom å bygge relasjon, vise omsorg og empati, samtidig som ein aukar kunnskap om ulike emne. Det er og viktig å vere gode rollemodellar og vise respekt for ulike religionar, tradisjonar, legningar m.m. Opne samtalar og relevant informasjon om ulike tema som opptek barna, fører til meir anerkjenning.

- [EIT TRYGT OG GODT PSYKOSOSIALT BARNEHAGEMILJØ](#)

01.januar 21 kom det endringar i barnehagelova som inneber ei nulltoleranse for mobbing og andre krenkelsar, og aktivitetsplikt for barnehagar ved melding eller mistanke om mobbing/krenkelsar

Personalet skal sørge for og passe på at alle barna i barnehagen har det bra. Dersom ein oppdagar at eit barn ikkje har det bra, blir mobba eller utestengd, så skal ein gripe inn og stoppe krenkinga umiddelbart og deretter undersøkje kva som har skjedd.

Barnehagen har ei plikt til å melde frå og undersøkje dersom eit barn ikkje har det bra i barnehagen. I nær dialog med føresette skal barnehagen finne ut årsaka til at barnet ikkje ha det bra, og dette skal vere utgangspunkt for dei tiltaka ein setter inn for å sikre at barnet får ein trygg og god barnehagekvardag igjen.

- [LIVSGLEDE BARNEHAGE – LIVSGLEDE FOR ELDRE](#)

Engeset barnehage er en livsglede barnehage og har eit aktivt og tett samarbeid med Volda omsorgssenter. Førskulegjengen er b.a på dagsenteret 4. kvar mandag i lag med dei eldre. Å vere ein livsglede barnehage betyr at vi skal vere med på å skape glade og meiningsfulle dagar for eldre i vårt nærmiljø. Borna og dei eldre gjer felles aktivitetar saman og får oppleve at dei er betydningsfulle og til glede for kvarandre, Døme på felles aktivitetar: Lage mat, bake, ha rebusløp, Rullatormaraton, felles songstund.





## ▪ FAGOMRÅDA

Rammeplanen deler inn i 7 fagområder:

1. Kommunikasjon, språk og tekst
2. Kropp, rørsle, mat og helse
3. Kunst, kultur og kreativitet
4. Natur, miljø og teknologi
5. Mengd, rom og form
6. Etikk, religion og filosofi
7. Nærmiljø og samfunn



Kvar dag er vi innom alle desse fagområda både ein og fleire gongar. Eit døme kan ver samling med song, eventyr og dramatisering.

Eventyret "Geitekillingen som kunne telle til ti" med fagområde knytta til

- Ulike storleikar på dyra og telling av dyra. Sett opp mot kor mange dyr båten kan ta (5)
- Gjentakning av tekst, trening på preporsjonar og omgrep i historia(1)
- Refleksjon over det å vere ulike men vere viktige for kvarandre og ha likeverd(6)
- Filosofere over samarbeid, samtale omkring dyr og natur opp mot nærmiljø - gardar i voldta - ferge på fjorden(4-7)
- La barna dramatisere eventyret med heile seg, lage masker eller anna kulisser (2-3)
- Songar frå nærmiljø om ulike dyr (1-7)
- Filme den ferdige dramatiseringa saman med barna (4)

Meir detaljert om korleis vi nyttar dei 7 fagområda i kvardagen blir spesifisert i dei ulike avdelingsplanane.



## ▪ BARNEHAGENS DIGITALE PRAKSIS

Verdens helseorganisasjon anbefaler: «Barn under to år bør ikkje bruke skjerm i det heile tatt, og barn i alderen to til fem år bør ikkje tilbringe meir enn en time per dag foran skjerm, og helst i samspel med ein vaksen»

Samtidig sei «Rammeplanen for barnehage» noko om at barn i barnehagealder skal få kjennskap til og vere kreative ved bruk av digitale verktøy. Det er viktig at personalet i barnehagen tenkjer over og reflekterer over korleis vi nyttar digitale verktøy i lag med borna, og at det skal ha ein pedagogisk hensikt bak. I Engeset barnehage brukar vi digitale verktøy som eit aktivt supplement til barna sine

læringsprosessar, og vi skal bruke det med omhu. Vi har ulik og variert bruk utifrå alder, modning og retningslinjer. Barnehagen sin digitale praksis skal bidra til barna sin leik, kreativitet og læring. Dei vaksne skal vere aktiv deltakande i lag med borna, og ein skal ha ein bevisst tanke bak bruken av digitale verktøy. Vi har fokus på at barna skal vere aktive produsentar, og at barna skal samarbeide for å fine løysingar. Vi skal ha eit kritisk forhold til søking på nettsider og lære dei eldste barna gode rutiner og eit kritisk blikk til det å sjekke om ei nettside er påliteleg eller ikkje. Personalet har tatt digital dømmekraft gjennom UDIR, og hausten 23 tok dei digitale kurs i personvern.

- [KOSTHALD](#)

Det vert arbeida med ein felles plan for voldabarnhagen kring mat og måltid. Denne tek utgangspunkt i [Helsedirektoratet](#) sine retningslinjer for mat og måltid i barnehagen. I korte trekk set den fokus på gode rammer rundt måltidet og kva som bør vere tilbod av mat og drikke. Eit variert kosthald med mindre sukker og feitt, meir frukt og grønnsaker, fisk og grove kornprodukt. Barna får medverke i måltida både når det gjeld planlegging og tilverknad. Barnehagen har bålpanne og nyttar denne til matlaging utandørs og i grillhytta.

- [SPRÅK OG SPRÅKSTIMULERING](#)

I barnehagen skal barna få møte eit mangfald i språk og skaffe seg språkforståing. Dette skjer gjennom leik, musikk, bøker, rim og regler, samt vaksne sin forteljarteknikk og kreativitet med språkstimulering.

Dei vaksne kartlegg barnet si språkutvikling og stimulerer det enkelte barn si utvikling utifrå ståstaden deira.

Dette innebær fyrst og fremst trening i å setje ord på kjensler, meinngar, trening i sosiale samhandlingar m.m. Det kan også ver målretta stimulering og trening/repetering, oppgåver, eventyr, gjennkalling, biletleggjering av ord og handling, innhaldsforståing i ord og setningar, trening på preporsjonar og setningsoppbygging der dette er naturleg.

I tillegg var barnehagen i 2016/2017 med i prosjektet «kompetanse for mangfald» for å få kunnskap om korleis ein betre kan handter eit aukande fleirspråkleg og fleirkulturelt mangfald. Lenke til [NAFO](#)

Barnehagen har nytta tolk og tolketjenesten i samarbeid med nytilflytta barn og føresette. I tillegg har Læringscenteret vore ein god støttespelar for barnehagen.

- [TILVENNING OG OVERGONGAR](#)

### **Ny i barnehagen**

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet får ei trygg og god tilvenning. Ein tilpassar rutiner og organiserer tid og rom slik at barnet får tid til å verte kjend, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og andre barn. Jmf. tryggleikssirkelen.

Det er viktig med god kommunikasjon både frå heimen og frå barnehagen slik at begge partar får kunnskap om barnet og barnet sin kvardag.

For at barnet skal føle seg trygg på dei vaksne, andre barn og det fysiske miljøet brukar vi god tid på tilvenning. Vi setter av minimum 5 dagar til tilvenninga. I tillegg er det viktig at personalet, saman med foreldra evaluerer tilvenninga dagleg fram til barnet føler seg trygg i barnehagen. Trygge foreldre gjev trygge barn.

Personalet har god kompetanse på tilvenning og skaper gode rutiner og omsorgssituasjonar som hjelper barnet til å forstå barnehagelivet. Foreldre vil få tilsendt informasjon om tilvenning i god tid før oppstart.

Frå og med våren 23 vil nye foreldre bli invitert til eit foreldremøte på våren der ein vil få informasjon om både barnehagen og tilvenningsprosessen.

### **Skifte av avdeling**

Når barn skal bytte avdeling legg personalet opp til ein mjuk overgang, der barnet får gå på besøk og verte meir kjend med personalet og avdelinga dei skal ta til på.

Det er viktig med god dialog med føresette og barnet slik at overgangen vert god.

Ein nyttar tryggleikssirkelen for å hjelpe barnet til å verte trygge i det nye miljøet.

### **Bytte av barnehage**

Når barnet skal bytte barnehage prøvar vi å få til ein overgangssamtale med den nye barnehagen, dersom foreldra gjev løyve til dette. Vi snakkar med barnet om endringa og prøver å gjere overgangen trygg og god.

### **Overgang til skulen**

Barn som skal ta til på skulen deltek det siste barnehageåret på førskuleklubb, der barna på tvers av avdelingane får møtes å gjere aktivitetar som gjev dei erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og motivasjon for å ta til på skulen. Dette kan til dømes vere samlingar der ein les bøker og utføre oppgåver, spele spel, motoriske aktivitetar, språkstimulerande aktivitetar, turar i nærmiljøet m.m.

Volda kommune har utarbeida ein plan for overgangen frå barnehage til skule der det mellom anna vert lagt til rette for at førskulebarna skal få besøke skulen sin på vårparten.

### [Overgang frå barnehage til skule](#)

#### [-Overgang for fleispråklege barn](#)

#### [-Overgang for barn som får spesialpedagogisk hjelp](#)

- SLIK SIKRAR VI GODT SAMARBEID MED FØRESETTE:

**Eigar:** Volda kommune

#### **Samarbeidsutvalet (SU):**

- 2 representantar frå foreldra
- 2 representantar frå personalet
- 1 representant frå kommunen

Styrrar kallar inn og er referent.



Oppgaver : -vere eit samarbeidsorgan for foreldre, personale og eigar  
-handsame årsplanen  
-uttale seg om saker som vedkjem barnehagen

#### **Arbeidsutval(AU)**

8 representantar ( 2 frå kvar avdeling)

Oppgaver : -Velje 2 representantar til SU  
-Fremje samarbeid mellom dei ulike partar og ta saker vidare til SU  
-Arrangere sommarfest for barn og foreldre  
-Dugnad; tilrettelegging for gode leikemiljø.

**Foreldreråd:** Alle føresatte i barnehagen er foreldrerådet.

-Foreldrerådet sin funksjon er å fremje samarbeid mellom heim og barnehagen.

**Foreldremøter:** Det vert helde foreldremøte med informasjon om året og anna praktisk informasjon. Årsplanen skal godkjennast av SU.

I tillegg kan det kome felles foreldremøter i kommunen eller barnehagen, der relevante tema vert tekne opp.

**Foreldresamtalar:** Det vert sett opp foreldresamtalar to gongar i året, der pedagogane på avdelinga møter foreldra for dialog om barnets kvardag og utvikling. Ved behov kan ein setje opp fleire slike møter.

▪ ANDRE INSTANSAR EIN KAN SAMARBEIDER MED:

[Helsestasjon Volda](#)

- Koordinator i kommunen Ruxsandra Raudøy
  - rettleiar personalet i ulike saker. Eit nøytralt blick på personalet sine arbeidsmetoder og barn i barnegruppa.
- Lege
- Tannlege
- [Logoped](#)
- [Læringscenteret](#)
- [Høgskulen i Volda](#)
- Vidaregåande skule - Barne og ungdoms-praksis
- [Andre barnehagar og skular i Volda kommune.](#)
- [Fysioterapi Volda](#)
- [Pedagogisk psykologisk teneste PPT](#)
- [BUP](#)
- [Barnevern Volda](#)
- [Habilitering barn og ungdom Ålesund](#)
- [NAV](#)
- [Statped Midt](#)
- Tolketjenesten

Barnehagen set barnet i sentrum og ynskjer å støtte føresette og barnet slik at barnet får ei best mogleg aldersadekvat utvikling. Ein nyttar eksterne instansar for å tileigne seg relevant kompetanse og for å setje inn tidleg innsats der dette er naudsynt. Pedagogane skal innhente løyve med føresette dersom ein skal søke hjelp hos eksterne samarbeidspartar. Sjå skjema i Compilo.

Dersom ein har grunn til misstanke om at barnet vert utsett for vold eller alvorlege omsorgssvikt, treng ein ikkje inhente løyve. jf. opplysningsplikten etter barnevernlova. [BUFDIR.NO](#)

# Engeset barnehage

Mel: «Se min kjole»

Engeset barnehage, sjå kor fine  
fargar.

Raude, grøne, gule og blå.  
Mange nyansar, ingen her er like.  
Saman er vi ein fin fargepalett.

Sjå vi er gule og går på Avdeling Gul,  
Alt som vi likar det er gult og fint.  
Det er fordi vi likar godt bananar,  
Gule leiker, og sola gul og kul.

Vi er dei små som går på Avdeling  
Blå,  
Og vi synest at alt blått er flott.  
Blåbær og blåmeis, blåklokke og  
blålys,  
Blå som sjøen, og som himlen blå.

Kvardagen vår er fylt med leik og  
moro,  
Humor, glede, gode vennskap gror.  
Grøn står for spiring, og alle barna  
vekse,  
Trygge barn som leikar dagen lang.

Vi er gjengen på Avdeling Raud,  
Her har vi kloke og kreative haud.  
Kjenslene våre kan vere sur som  
ripsbær,  
Men som oftest er vi glade barn.

